

Saksbehandlar: Siri Ingvaldsen  
Avdeling: Fylkesbiblioteket  
Sak nr.: 13/6633-2

---

## Høring - Framlegg til forskrift om kvalifikasjonskrav for personale i folkebibliotek

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er positivt at framlegget til forskrift legg vekt på formell utdanning og på same tid tek høgde for at ulike utdanningsløp kan kvalifisere for biblioteksjefstillingar. Kvalifikasjonskravet må likevel ha ein tydeleg bibliotekfagleg kjerne om eit lovfesta krav skal ha noko for seg. Forskrifta eller retningsliner til forskrifta bør gi signal om kva som kjem inn under omgrepet *bibliotekspesifikke fag*.
2. Det er ein styrke at forskrifta peikar på kommunesamarbeid for å få kvalifiserte søkjarar.
3. Ein generell regel om at praksis kan erstatte delar av den formelle utdanninga svekkjer kompetansekravet. Relevant arbeidserfaring kan likevel kompensere for manglar i den formelle utdanninga. Ved vurdering av søkjarar med slik bakgrunn, kan fylkeskommunen trekkjast inn som rådgivar.
4. Forskrifta bør innehalde ei føresegn om at fylkeskommunen kan nyttast som rådgivar i samband med utlysing av biblioteksjefstillingar, og om at kommunen bør ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar.
5. Fylkeskommunen bør få delegert ansvar for å vurdere søknader om dispensasjon i kommunane.

### Vedlegg:

Kulturdepartementet: *Høring – Forslag til forskrift om kvalifikasjonskrav for personale i folkebibliotek.*  
27.09.2013

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

HK-sak 29/12 Endring i lov om folkebibliotek

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Kulturdepartementet la våren 2012 fram framlegg til endring i lov om folkebibliotek. Framlegget vart sendt på høring, og Hovudutval for kultur handsama saka 22. mai 2012 (sak 29/12). Den 17. juni 2013 vedtok Stortinget endringar i biblioteklova.

Eit viktig punkt i endringsframlegget frå departementet galdt kvalifikasjonskrav for biblioteksjefar i kommunane og fylkeskommunane. Her peika høyringsnotatet på to moglege ordningar: å behalde eit krav om fagutdanning, eller å fjerne kompetansekravet og i staden fastsetje

funksjonskrav i forskrift. Departementet tilrådte det første alternativet. Hovudutvalet gjekk i høyringsfråsegna si derimot inn for å erstatte kompetansekravet med funksjonskrav.

Regjeringa opprettheldt kompetansekravet i framlegget til Stortinget (*Prop. 135 L Endringer i lov om folkebibliotek*). Innstillinga vart samrøystes vedteken, med unntak av at Kristeleg Folkeparti ville behalde § 6, der kommunane var pålagde eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka. Lova er gjeldande frå 1. januar 2014.

Som ei følge av lovendinga har Kulturdepartementet sendt framlegg til forskrift om kvalifikasjonskrav for personale i folkebibliotek ut på høyring med høyringsfrist 8. november 2013. Høyringsnotatet legg til grunn at kompetanse er den viktigaste faktoren for å kunne tilby ei bibliotekteneste av god kvalitet. Kvalifikasjonskravet må reflektere at leiarar skal ha kompetanse til å utvikle biblioteket som kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena på ein innovativ og framtidsretta måte.

Tre hovudspørsmål vert drøfta i notatet:

- Kvalifikasjonskravet
- Dispensasjon
- Særleg løyve til fritak frå kvalifikasjonskravet

Departementet gjer framlegg om at godkjent fagutdanning som hovudregel skal vere bachelor- eller høgare grad med minst 120 studiepoeng bibliotekfag i fagkrinsen eller med 60 studiepoeng bibliotekspesifikk påbygging. Forskrifta opnar for at tre års relevant arbeidserfaring kan erstatte påbygginga. Det er framleis høve til å søkje dispensasjon frå kvalifikasjonskravet, men berre fast dispensasjon. For bibliotek med minst fem fagutdanna bibliotekarar i staben, gir forskrifta løyve til å fråvike kravet om fagutdanning.

## **2. Vurderingar**

### **2.1 Kvalifikasjonskravet**

I revidert biblioteklov lyder § 5 slik:

*«Alle kommuner skal ha fagutdannet biblioteksjef.*

*Departementet kan dispensere fra bestemmelsen i særskilte tilfeller og gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.»*

Når det gjeld kompetanse i fylkeskommunen, seier revidert biblioteklov i § 7:

*«Fylkeskommunen skal ha bibliotekfaglig kompetanse på ledernivå til å gjennomføre fylkeskommunale bibliotekoppgaver. Departementet gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.»*

Departementet legg i den nye forskrifta til grunn at det skal vere like kvalifikasjonskrav i kommunane og fylkeskommunane, men med høve til dispensasjon berre for kommunane. Det vert understreka at nye utfordringar for folkebiblioteka bør reflekterast i kravet om kompetanse, og fleire utdanningstilbod og fag vert framheva som *bibliotekrelevante* eller *bibliotekspesifikke*. Departementet skil ikkje mellom bibliotekrelevante og bibliotekspesifikke fag i høyringsnotatet, men nyttar omgrepet *bibliotekspesifikke fag* i sjolve teksten i forskrifta. Framlegget til forskrift definerer ikkje kva fag som skal kome inn under omgrepet.

Som fagutdanning skal reknast:

- bachelor- eller høgare grad, der minst 120 studiepoeng bibliotekspesifikke fag inngår

- bachelor- eller høgare grad med minst 60 studiepoeng bibliotekspesifikk påbygning
- tilsvarande utdanning

I framlegget ligg vidare at tre års praktisk erfaring i bibliotek skal kunne kompensere for manglande påbygning. Framlegget om at praksis kan komme i staden for formell utdanning er nytt, og departementet ønskjer spesielt innspel på dette punktet.

### Vurdering

I Sogn og Fjordane har 12 av dei 26 kommunane fagutdanna biblioteksjef. Kvalifikasjonskravet har vore viktig for å synleggjere behovet for særskild bibliotekkompetanse i kommunane. At lova framleis stiller krav om kompetanse vil styrkje vidare utvikling av fagmiljøet i fylket. I tillegg er det viktig at kommunane driv aktiv rekruttering og at dei lyser ut ledige stillingar målretta og gjennom relevante medium. Her kan fylkeskommunen vere pådrivar og rådgivar.

Det er positivt at forskrifta legg vekt på formell utdanning og på same tid tek høgde for at ulike utdanningsløp kan kvalifisere for biblioteksjefstillingar. Samstundes må kravet ha ein tydeleg bibliotekfagleg kjerne om eit lovfesta kvalifikasjonskrav framleis skal ha noko for seg. Framlegget til forskrift inneber ei romslegare ramme enn tidlegare for kva som er godkjent utdanning for biblioteksjefar. Ramma bør ikkje utvidast ytterlegare.

Ved utlysing og tilsetjing kan det vere vanskeleg for kommunane å vite kva som ligg i forskrifta si formulering om *bibliotekspesifikke fag* og som dermed kan gi grunnlag for godkjenning. Forskrifta eller retningsliner til forskrifta bør gi signal om kva som kjem inn under omgrepet.

Ein generell regel om at praksis kan kome i staden for delar av den formelle utdanninga svekkjer kompetansekravet. Relevant arbeidserfaring kan likevel kompensere for manglar i den formelle utdanninga. Det bør vurderast i kvart einskilt tilfelle om arbeidserfaringa i tilstrekkeleg grad gir grunnlag for tilsetjing. Slik vurdering vil det vere naturleg at kommunane gjer i samråd med fylkeskommunen.

### 2.2 Dispensasjon

Etter lovendringa kan kommunane framleis søkje om dispensasjon viss dei ikkje får kvalifiserte søkjarar. Tilsvarande dispensasjonsordning gjeld ikkje for fylkeskommunen.

Ordninga med mellombels dispensasjon for kommunane fell bort, men fast dispensasjon kan givast når stillinga er utlyst offentleg, utan at det har meldt seg kvalifiserte søkjarar. I lovforarbeidet vert det framheva at det ved vurdering av dispensasjon skal leggst vekt på om kompetansekravet i staden kan oppfyllest ved samorganisering mellom kommunane, eller ved å tilby aktuelle kandidatar tilleggsutdanning.

Ordninga med obligatorisk utdanning for biblioteksjefar utan fagutdanning har ifølgje departementet ikkje fungert og vert ikkje vidareført. Kommunane får sjølve ansvar for vidare opplæring av biblioteksjefen som for andre tilsette i kommunen.

Departementet meiner det er føremålstenleg at ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon framleis bør delegerast til Nasjonalbiblioteket.

### Vurdering

Fylkeskommunen sine lovpålagde bibliotekoppgåver omfattar kompetanseutvikling og rådgiving til lokale styresmakter. I dialog med kommunen kan fylkeskommunen til dømes gi innspel på at ein bør lyse ut heile stillingar eller søkje samarbeid om biblioteksjefstillinga med nabokommunen. Fylkeskommunen kan òg vere med og drøfte kvar og korleis stillinga bør lysast ut for at det skal vere von om å få fagutdanna søkjarar. Dersom kommunen ikkje får fagutdanna søkjarar, kan fylkeskommunen gi råd om kva utdanning som kan vere aktuell for søkjarar utan fagutdanning.

Fylkeskommunen si rolle bør kome fram i forskrifta, i ei føresegn om at kommunen kan rådføre seg med fylkeskommunen i samband med utlysing av biblioteksjefstillinga, og om at kommunen må ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar.

Fylkeskommunen har tett og nært samarbeid og kunnskap om kvar einskild kommune. Med bakgrunn i dette bør ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon delegerast til fylkeskommunen.

### 2.3 Særleg løyve til fritak frå kvalifikasjonskravet

Etter gjeldande forskrift kan kommunar med godt utbygd bibliotekteneste og brei bibliotekfagleg kompetanse søkje om løyve til å tilsetje biblioteksjef som ikkje er fagutdanna. Departementet meiner ordninga med høve til fritak bør vidareførast, men at kommunane ikkje lenger skal søkje dispensasjon. Det er no fastsett i forskrifta kva vilkår som kan gi fritak: det gjeld bibliotek som har brei bibliotekfagleg kompetanse, definert som bibliotek med minst fem tilsette som oppfyller kvalifikasjonskravet i forskrifta. Moglegheita for fritak gjeld ikkje fylkeskommunen.

Unntaksregelen vil vere aktuell i 10-15 % av kommunane på landsbasis.

### Vurdering

Unntaksregelen er i dag ikkje aktuell i Sogn og Fjordane. Ingen av folkebiblioteka har så mange som fem fagutdanna bibliotekarar.

Ved biblioteksamarbeid eller kommunesamanslåingar kan fleire einingar kome opp i denne storleiken også i vårt fylke. Det kan vere relevant å vurdere annan kompetanse, særleg leiarerfaring, opp mot fagutdanning ved tilsetjing av biblioteksjef i slike kommunar. I tilsetjingsprosessen er det viktig å syte for fagleg robuste einingar som tåler endringar, til dømes at tilsette med fagkompetanse sluttar.

## **3. Konklusjon/tilråding**

Det er positivt at framlegget til forskrift legg vekt på formell utdanning og på same tid tek høgde for at ulike utdanningsløp kan kvalifisere for biblioteksjefstillingar. Samstundes må kvalifikasjonskravet ha ein tydeleg bibliotekfagleg kjerne om eit lovfesta krav framleis skal ha noko for seg.

Ein generell regel om at praksis kan kome i staden for formell utdanning svekkjer kompetansekravet. Relevant arbeidserfaring kan likevel kompensere for manglar i den formelle utdanninga. Ved vurdering av søkjarar med slik bakgrunn, kan fylkeskommunen trekkjast inn som rådgivar.

Forskrifta bør innehalde ei føresegn om at kommunen kan rådføre seg med fylkeskommunen i samband med utlysing av biblioteksjefstillinga, og om at kommunen må ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar.

Fylkeskommunen har tett og nært samarbeid med og kunnskap om kvar einskild kommune. Med bakgrunn i dette bør ansvaret for å vurdere søknader om dispensasjon delegerast til fylkeskommunen.